



Tokke kommune

Tokke og Høydalsmo skule

PLAN FOR TRAFIKKSIKKER SKULE



Innhald

Innleiing	s. 3
Om skulane i kommunen.....	s. 4
Planen er forankra i	s. 5
Målsetjing for skulane.....	s. 6
Skulane har fokus på.....	s. 7-8
Praktisk gjennomføring	s. 9-10
Rutinar for handtering av ulykker.....	s. 11
Ansvar for gjennomføring.....	s. 11
Samarbeidspartnarar.....	s. 11

INNLEIING

Skulane ynskjer å gje elevane opplæring i fag og tema som dei har nytte og glede av som barn og seinare som vaksne. Me ser at trafikkundervisning er ein viktig del av dette. Me ynskjer å gje elevane kunnskap, ferdigheter og mogelegheiter til å utvikle positive haldningar til en ansvarlig åtfærd i trafikken.

Trafikktryggleik for barn og vaksne er eit ansvar som ligg til vaksne og omfattar fysiske tiltak, fartsgrenser, sikker transport, tryggleiksutstyr og forståing for trafikk.

Grunnlaget for haldningar til tryggleik i trafikk legg ein i barneår, og difor må trafikk opplæring starte tidleg. Vaksne er rollemodellar og har ansvar for at barn og unge utviklar evne til å reflektere, ha forståing for risiko, til å ta omsyn til medmenneske og til å samarbeide.

Skulane har sammen med foreldra, ansvaret for å gje barna nødvendig trafikkopplæring slik at dei kan ferdes trygt i trafikken. I følge forskrifter om miljøretta helsevern i barnehagar og skular, skal verksemdene drives slik at skader og ulykker førebyggast. Vi har utarbeidet en plan for progresjon i trafikkopplæringa.

For å få til dette må det vere eit samarbeid mellom foreldre og lærar på kvart trinn. Foreldre skal, via foreldremøta, bidra til eit positivt læringsmiljø for dette. Trafikkopplæringa gjevast som eit tverrfaglig tema eller som del av eit tema. Samarbeidsutvala (SU) ved skulane gjev i samarbeid med foreldrerådet arbeidsutvala (FAU) ut anbefalingar til foreldre om t.d. sykling og køyremønster til skolen.

OM SKULANE I KOMMUNEN:

Skulane har eit mål om at skulevegen til elevane skal vera tryggast mogleg.

Dei fleste elevane går til skulen. I 5. klasse kan elevane sykle til skulen.

55 av elevane har skuleskyss ved Tokke skule og 44 av elevane har skuleskyss ved Høydalsmo skule.

Det er likevel dagleg fleire elevar som vert køyrd til skulen. Dette gjer at trafikkbiletet kan bli uoversiktleg, spesielt ved Tokke skule. Men med Trafikksikker skule blir det lagt til strukturerte og trygge retningslinjer for alle som er involverte – elevar, lærarar, foreldre. Retningslinjene kan oppdaterast til skulestart kvart år.

Parkeringsplassen på skulane skal brukast om førar går frå bilen for kortare eller lengre tid.

For å trygge elevar og skape en trafikksikker situasjon, ynskjer me at foreldre og tilsette ryggar bilene inn på parkeringsplassane.

Skulen vil i samarbeid med FAU gå ut med ynskje om eit bestemt køyremønster for bilar som skal levere eller parkere bilar rundt skulen på morgonen. Det er og i samarbeid med buss-selskapet laga bestemt kjøremønster for skulebussane. Lærarar har vaktordning ved busshaldeplass / fotgjengarfelt ved skulestart og skuleslutt.

Dette spesielt for å redusere fara for uoversiktlege situasjonar ved levering eller henting av barn.

FAU, elevrådet og skulen har eit stort fokus på at skulevegen skal vera trygg.

FAU har dei siste åra vore trafikkvakter om morgonane i den mørke årstida og dei har her skapt gode haldingar rundt refleksbruk og lykter på sykkel.

PLANEN ER FORANKRA I:

Opplæringslova	§ 9a-4. Systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane (internkontroll) <i>«Skolen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitlet blir oppfylte. Skoleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet.»</i>
Kunnskapsløftet	<i>Generell del: «..Skolen skal ruste barn til å møte livets oppgaver og mestre utfordringer sammen med andre. Den skal gi hver elev kyndighet til å ta hånd om seg selv og sitt liv. Opplæringen må tilføre holdninger og kunnskaper som varer livet ut og lære de unge og se framover og øve evnen til å treffe valg med fornuft.»</i> 1. -4. trinn <ul style="list-style-type: none">• Følgje trafikkreglar for fotgjengarar og etterkvart for syklistar 5. -7. trinn <ul style="list-style-type: none">• Praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel 8. -10. trinn <ul style="list-style-type: none">• Gjere greie for korleis trafikktryggingsutstyr hindrar og minskar skadar ved uhell og ulykker• Trafikk valfag: inndelt i «Mennesket i trafikken» og «Risiko og sikkerhet»
Trafikksikringsplan 2019-2022 Tokke	Tokke kommunestyre vedtok den 18. desember 2018 ny trafikksikringsplan for Tokke 2019 – 2022. Planen er lagt ut på kommunen sine heimesider. Målet med denne er å auke kommunen sin innsats i trafikksikringsarbeidet.
Trafikksikringsplan 2019-2022 Tokke (Fortsetting)	Delmål: <ul style="list-style-type: none">• Auke trafikktryggleiken ved kollektivknutepunkt og i område kring skular og barnehagar og langs skuleveggar i Tokke.• Skape trygge trafikktilhøve for mjuke trafikkantar generelt, slik at flest mogleg vel å gå eller sykle til skule og jobb.• Auke kunnskapen kring trafikktryggleik i Tokkesamfunnet, med særleg fokus på born, unge og føresette.
Trafikksikker skule Trygg Trafikk	Skulane i Tokke skal ha eit godt og heilskapleg trafikktryggingsarbeid nedfelt i dei retningslinjer som Trygg Trafikk legg for prosjektet «Trafikksikker skule».
Verksemdsplan for skulane i Tokke	Handlingsplan og styringssignal utarbeidd av skulane.

MÅLSETJING FOR SKULANE I TOKKE:

Me skal med gode rutinar og strukturert fokus unngå uheldige hendingar i trafikken for elevar og tilsette. Dette gjeld når me er trafikantar både som gåande, syklande og køyrande.

I alle samanhengar der elevar og lærarar ferdast i trafikken skal me opptre med varsemnd og med kunnskap om korleis ein skal opptre.

Kjennskap til skulen si målsetjing og kunnskapsformidling innan trafikk skal spreast til elevar, tilsette og foreldre. Dette gjeld og haldningar og motivasjon til å rette seg etter målsetjingane.

Me skal samarbeide med ulike aktørar i nærmiljøet vårt for å skape best mogleg trafikale tilhøve rundt skulen og på skuleveg.

Få eit ryddig trafikksystem ved skulestart og –slutt. Dette ved å ha gode rutinar og fornuftige retningslinjer for elevar, tilsette og foreldre.

Overordna mål er at skulen har ein «nullvisjon» om ulykker på skulevegen og i skuletida. Dessutan at elevane skal gå ut av Tokke skulane med haldningar og innstilling til å handle «hensynsfullt, aktpågivende og varsomt» (vegtrafikklova §3) i trafikken når dei sjølve vert trafikantar.

SKULANE HAR FOKUS PÅ:

Gåande	<p>Elevane får opplæring i korleis dei skal gå skulevegen i 1. klasse.</p> <p>Då er det fokus på kva side av vegen, bruke fortau, bruke gangveg, bruke gangfelt. Fokus på refleks.</p> <p>Når elevar ferdast til fots i trafikken i skulen sin regi:</p> <ul style="list-style-type: none">• Fylgja reglane for fotgjengarar.• Når store grupper går, bør det vera ein vaksen framme og ein bak.
Buss	<p>Elevane i 1. klasse får opplæring i buss.</p> <p>Det betyr alt i frå:</p> <ul style="list-style-type: none">• korleis ein skal stille seg opp før bussen kjem• korleis gå om bord bussen• korleis få på seg setebelte• korleis sitte i ro til bussen har stoppa• korleis gå av bussen• korleis eventuelt krysse vegen etter at bussen har køyrt. <p>Fokus på dette held fram også etter 1. klasse. Ved ulike høve seinare tek elevane buss for å reise på aktivitetar gjennom skulen. Då er rutinane for god buss-praksis godt innarbeidde.</p>
Passasjerar i bil	<p>Ein del av elevane vert køyrt til skulen. Skulen i samarbeid med FAU oppmodar foreldre til å fylje eit bestemt kjøremønster ved levering / henting på morgonen og ettermiddagar.</p> <p>Dette er det gode rutinar for og foreldre rettar seg stort sett etter dette.</p>

Sykkel	<p>Det er føresette som avgjer om elevane kan bruka sparkesykkel eller sykkel til skulen. Skulen oppmodar likevel til at ingen elevar sykklar til skulen før dei startar i 5. klasse. Dette er i tråd med anbefalingane frå Trygg trafikk.</p> <p>Dei som sykklar, må ha sykklar i forskrifts messig stand. I tillegg skal alle bruke hjelm.</p> <p>Elevane i 4. klasse får sykkelopplæring på våren. Det er her fokus på tryggleik og på dugleik. Elevane skal lære kva som er naudsynt og påbode av utstyr. Og dei skal lære seg dugleikar som aukar tryggleiken. Til dømes sving, brems og fartstilpassing.</p> <p>På sykkelturnar i skulen sin regi:</p> <ul style="list-style-type: none">• MÅ alle ha hjelm og sykkel i forskrifts messig stand.• Følgja reglane som gjeld for syklistar i trafikken.• Når store grupper er på sykkelturn, skal det alltid vera ein lærar framme og ein lærar bak.
Ymse	<p>Ein skal i størst mogeleg grad unngå varelevering til skulen ved start og slutt av skuledagen. Det gjeld og i friminutt. Rektor har særskild ansvar for å følgje opp dette.</p> <p>Skulen skal ha god snøbrøyting og strøing for å unngå risikosituasjonar.</p> <p>Trafikkansvarleg har eit særskild ansvar for å følgje opp planane og retningslinjene skulen lagar. Planen skal reviderast med jamne mellomrom av trafikkansvarleg.</p> <p>Elevane i valfaget Trafikk er ressurspersonar for skulen, med noko ansvar for gjennomføring av delar av planen mot andre elevar. Her vil fokus vere spesielt mot opplæring rundt refleks og sykkelhjelm.</p>

PRAKTISK GJENNOMFØRING:

Refleks:

Før skulestart i 1. klasse får elevane utdela neonfarga skulesekkar. Dette i samarbeid med Trygg trafikk Telemark. Refleksvestar får dei etter skulestart, sponsa av lokal bedrift. Elevane i 1. og 2.klasse får utdela refleks av helsestasjon.

Som gåande på skulevegen/turar:

- Elevane i småskulen har turar i nærområdet der det er fokus på trafikkreglar og korleis oppføre seg i trafikken.
- Elevane skal i størst mogleg grad bruke gangveggar.
- Elevane skal bruke gangfelt når dei kryssar veg, der dette er mogeleg.
- Elevane skal nytte refleks ved aktivitetar knytt til trafikk.
- Elevane skal bruke fortau.
- Elevane skal bruke rett side av vegen - venstre side individuelt og høgre side i flokk.

Som passasjerar i buss, minibuss og drosje på turar i regi av skulen :

- Skulen skal ikkje leige/bruke køyrety utan belte til alle.
- Elevane skal stille opp og stå i ro til køyretyet har stansa.
- Elevane frå grunnskulen skal ha sitjeplass fremst i bussen ved skulekøyning saman med vidaregåande skule.
- Elevane skal sikrast forskriftsmessig og bruke belte under heile turen.
- Ansvarlege vaksne er ansvarlege for gjennomføringa.
- Sekkar plasserast på golvet under sete eller i lasterom.

Som passasjer i privat bil:

- Hovudregel at ein alltid skal bruke inn leigd transport med yrkessjåførar på turar i regi av skulen.
- I tilfelle der det skal nyttast privat bil skal ein innhente løyve frå føresette.

Vilkår: at eleven må vere sikra etter forskrifter. Bilen må vere i forskriftsmessig stand.

Sykkelopplæring:

På våren i 4.klasse tar elevane sykkelsertifikat. Her får elevane også opplæring i stell/vedlikehald av sykkel.

I samarbeid med skule delar helsestasjonen samtidig ut sykkelhjelmar til elevane.

- Elevane skal bruke hjelm på alle turar og til/frå skulen
- Syklane skal ha refleks
- Syklane skal ha lys i mørketida
- Syklane skal ha gode bremsar

Trafikkopplæring i grunnskulen:

Trafikkopplæringa er integrert i samfunnsfag i småskulen. Her med tverrfagleg fokus.

På ungdomskulen er Trafikk eit valfag. Elevane i dette valfaget har noko ansvar for opplegg mot 5. og 6. klasse i bruk av hjelm og refleks.

Trafikk som tema på foreldremøter:

Mål for skulen er at trafikk og trafikktryggleik skal vere tema på foreldremøter i alle klassetrinn.

I 1. klasse får foreldra utdelt foreldreheftet «6-åringar på skuleveg». Skulen i samarbeid med heim organiserer reflekskveldar

RUTINAR FOR HANDTERING AV ULYKKER.

Føremål:

Prosedyren skal sikre elevar og tilsette mot ulykker, og me skal vere ein trafikksikker skule for alle partar i skulesamfunnet.

Omfang:

Prosedyren gjeld på skulen, på skulevegen og ved alle aktivitetar/reiser i skulen sin regi.

Ansvar og mynde:

Rektor er hovudansvarleg for at prosedyren vert implementert i organisasjonen og at prosedyren vert følgd opp av alle med ansvar for elevane/klassen.

ANSVAR FOR GJENNOMFØRING.

Leiing:

Risikoanalyse, handlingsplan ved ulykker

Lærarar:

Legge til rette for/delta på gjennomføring av ulike opplegg på dei ulike trinna, gje foreldre kjennskap til trafikktryggingstiltak på foreldremøter. Informere om «Trafikksikker skule» på foreldremøter.

Trafikkansvarleg:

Lage plan. Revidere plan for «Trafikksikker skule» jamleg -helst kvar haust. Planlegge og gjennomføre ulike opplegg saman med lærarar. Bruke elevane i faget trafikk valfag som instruktørar.

SAMARBEIDSPARTNARAR

- Tokke kommune
- Politiet
- Trygg Trafikk Telemark
- Trafikkstasjon i Telemark